



Årsmelding Lærdal Golfklubb 2024

Ein sesong utan bane, men mykje spel på Simulator Årdal
og på baner omkring men ikkje så nære
Fleire lokale medlemmar

1. Årsmøtet og Styret sin aktivitet

Årsmøtet 2024 var halde som Årsmøte på nett (Teamsmøte) tirsdag 5.mars.

Styret 2024

Petter Lossius, Leiar

Øystein Ullebø Sandnes, Nestleiar

Gerd Skalle, Styremedlem

Mats Karlsson, Styremedlem

Per Åke Evjestad, Styremedlem

Nikolai Sommer Os, Styremedlem

Øystein Østergren, Styremedlem Vara

Oddrun Hiller, Styremedlem Vara

2. Komitear

Handicapkomite

Handicap revisjon for 2024 vart gjort automatisk av NGF ved årsskiftet.

Dei som har HCP som gjeld i turnering får melding (minst fire registrerte rundar 2024).

Handicap-komit  er Ole Kristian  ren (leiar), Petter Lossius.

3. Klubben Formelt og Administrering

Baneklubb

Hemsedal Golfklubb var Baneklubb i 2024 og vil halde fram som Baneklubb 2025, takk til Styreleiar Odd Holde og takk til driftsselskapet Skåret.

Tilsette og Løn - Ingen tilsette.

Ingen godtgjering, løns- eller gasje-utbetalinger i 2024.

GolfBox Medlemsarkiv og Kontingent Fakturering NorKred (Ole Kristian Øren)

Ole Kristian har ansvar GolfBox medlemsarkiv med inn- og utmeldingar og alle førespurnader.

- Medlemsarkiv vert oppdatert løypande
- Kontingent vert fakturert gjennom NorKred og det har vært ei betring i kontingent-inngang med NorKred

Rekneskap og Revisjon (Mats Karlsson)

Mats har ansvar rekneskap, faktura-betaling, sporing saker relatert til utlegg.

- Rekneskapen er ført av Økonomiservice as (Ein del av Økoråd (Vekstra gruppen) ved Vigdis Helene Mo, vigdis.helene.mo@okoraad.no.
- Vi har dobbeltgodkjenning ved betaling i Sogn Sparebank (Mats, Petter, Øystein, Vigdis).
- Petter tar korrespondanse og rapportering til NGF og NIF Sogn & Fjordane, samt Brønnøysund.
- Revisjon: Fylgjer NIF sine reglar for lag med omsetnad under 5 millionar kroner.
- Revisorar 2024 (Kontrollutval): Odd Inge Mo og Oddmund Bøe, med Ståle Øvstetun som vara

Andre Formelle Aktiviteter – dette er administrasjon og drift

Kontakt med Norges Golf forbund ved Pål Melbye for å sikre at klubben kan halde fram som klubb med egne inntekter fra medlemmene. Dette skjer år for år.

Ordne årlege tilskot, spesielt MVA refusjon, går bra.

Diverse naudsynte formalia i Altinn som Samordna Registermelding til Brønnøysundregistra.

Formalia mot bank, Egenerklæringer, Kundeerklæringer.

Syte for naudsynte dokument mellom klubb og Lærdal Golfbane AS. Stor takk her til Harald Husabø og BDO for støtte og hjelp med AS-rekneskapen, skattemeldinger med meire.

Syte for midlar til Årdal Drivingrange.

Andre UFormelle Aktiviteter – dette er arbeid for nye bana, vert organisert av Per Åke

Kontakt med Lærdal Kommune, spesielt Audun Mo og Magnhild Aspevik

Kontakt med Sogn Avis

Arrangere synfaringer

Lobbyverksemd

Spesielt gledeleg innvilga søknad Ljøsne LivOgLyst - tiltak

Kontakt banarkitekt Svein Drange Olsnes

4. Aktivitet Innad og Utad

Facebook (Ole Kristian, Jørn, Øystein)

Lukka gruppe for Lærdal Golfklubb. - ANBEFALAST - med ei lukka gruppe blir du ikkje blanda bort i anna Facebook aktivitet.

<https://www.facebook.com/groups/310852029011712/>

Hendingar for klubbturneringar og undergrupper for golfturar og anna. Bruk denne så mykje som mogleg.

Det er og ei **Ope side** – <https://www.facebook.com/laerdalgolfklubb>

Heimesida LeGk.no (SysOp Georg Næumann)

Georg, firma Netopp Næumann, er SysOp sidan 2012 og driv heimesida og overvakar mot uønskt aktivitet.

Web-host er Servetheworld.

Frå 2017 WordPress løysing. Brukarar er Georg, Petter, Øystein, Per Åke.

Servetheworld og legk.no vart porta til ny server i 2021 – mail post@legk.no dessverre mykje spam og phishing forsøk og i 2024.

Jentegolfen (Gerd)

Ansvarleg er Gerd Skalle.

Seniorgolfen Herrar

Ansvarleg Per Arve Paulsen - spel andre banar 2024 er spesielt på Hemsedal Golfklubb som ga Sr-spelarar god avtale (kr. 200).

Senior-Gruppa Rekordar, Hemsedal Gk

Ni hol ut, Scramble, 2-manns lag – 34 slag (2. juli 2021, Mats, Petter)

Ni hol inn, Scramble, 2-manns lag – 37 slag (9. juli 2022, Ivar Otto, Per Arve)

Kurs, Trening

Trenar 1

- Jørn Eldegard,
- Ole Kristian Øren,
- Nikolai Sommar Os

Vegen til Golf (Jørn, Ole Kristian) - fra Jørn:

Har gjennomført to vegen til golf kurs i fjor, men det er fortsatt mange som har meldt interesse som eg ikkje har fått tid til å gjennomføre kurs med.

Potensialet for meir rekruttering er der, spesielt med tilgjengligheiten av simulator.

Rekrutteringsinitiativet Juniorgruppa (Per Åke) – Jobbar med nytt treningsanlegg på Ljøsne i høve nye Golfbana.

5. Viktige Papir, Forsikring og Bank

Brønnøysund Registrene, Organisasjonsnr

Einingsregisteret – Data om Styret 2024 er oppdatert og godkjent – det vert krevd for å søke MVA-kompensasjon kvart år.

Organisasjonsnr 983 897 126 - dette er og brukt til Grasrotandel.

Undereinheit Org.nr. 919 274 824 – er til MVA.

Forsikring (Petter, Mats)

Ny leverandør frå 2018 Gjensidige – Avtale gjev betre sikring ansvar spelar, ansvar Styre, underslag og meir. Skreddersydd pakke som heter Gjensidige Næringslivsforsikring - Pris etter rabatter ca. kr. 8000

Personal - med antallsoppgave - Alle ansatte

- Lovbestemt yrkesskade og yrkessykdom

Dugnad, Organisasjoner, Korps/klubb - Medlemmer

- Ulykke invaliditet, ulykke død

Ansvarsforsikring, Rettshjelpsforsikring, Styre- og ledelsesansvar, Kriminalitet

Bank – Sogn Sparebank – Klubb-bank

Brukskonto

KONTO m KID for innbetaling medlemskontingent

Eigen konto for Årdalrange

Nokre gåve-kontoar i høve nye bana

Bank – Sparebanken Sogn og Fjordane er AS-bank og klubben har og konto der

Dokument Lagring og Outlook

Klubb-dokument er dels på heimesida i WordPress Media-arkiv.

Dels lagra i Skyen på Outlook (Petter sin Outlook, Klubb- og AS-Styret har lese og skrivetilgang).

Grasrotandel

Stor takk til dei som gjev Lærdal Golfklubb sin Grasrotandel støtte, 36,000 (!) i 2024.

Idrettsregistreringa, MVA-kompensasjon

God løysing ved NIF og NGF - innberetning beløp til MVA kompensasjon er samordna og skjer i april. **Refusjon kr. 20,000 i 2024.**

Kulturmidlar (frist er tidleg, sjekkast start mars)

Ikkje motteke 2024

Vipps (Ole Kristian, Petter, Øystein, Mats)

Klubben sitt Vipps-nummer er 116086.

Noko inntekt frå startkontingent turneringar 2024 (KM og Simulator)

Noko inntekt frå sal golfballar, hanskar

ProShop? Ja, finst framleis

Klubben har **Logoballar** for sal, pr dusin Callaway Supersoft kr. 450,-. Callaway Chrome Soft kr. 600,-.

Petter har nokre bag'ar og køllesett lagra, til utlåns eller sal (rimeleg).

Pokalsamling - Klubben har ei samling små-pokalar frå Premietoppen.no til premiar.

Mykje spikes og peg'ar.

6. Spel og Turneringar

GolfBox (World Handicap System)

WHS HCP system første år var i 2020, ymse meiningar, dei fleste meir nøgd med WHS.

Samarbeid med andre klubbar

Avtale med Hemsedal Golfklubb - Vår Baneklubb

Voss Golfklubb

Sunnfjord Golfklubb

Hallingdal Golfklubb (Granheim)

Snakk med Ole Kristian Øren om Valdres Golfklubb

Klubbmeisterskap 2024 – Hemsedal Golfklubb Søndag 3. september

Klubbmeister 2024 overall vart Tore Gjerdalen med med 83 slag.
Klasse Herrar Senior65+, Odd Inge Mo, 94 slag (nr 7 overall)
Klasse Herrar Senior, Tore Gjerdalen, 83 slag (nr 1 overall)
Klasse Herrar, Johnny Aspeseter Hagen, 87 slag (nr 2 overall)
Junior-klassen vart vunne av Knut Blaaflat Evjestad. Sjå meir på legk.no.

KM Pitch'n Putt vart ikkje arrangert 2024. Fleire som ynskjer dette.

Golfsimulator Årdal (Simugolf i Øvre Årdal)

Open for spel sidan desember 2020 (kontakt Ståle eller Odd Børge)

Organiserer og ei stor Trackman turnering, Vinterserien, over 12 rundar med 8 beste sum NettoScore som teljande resultat. I 2023-2024 var det 27 startande, vinner vart Jørn Eldegard. Sjå legk.no.

Resultat for 2024-2025 til no sjå legk.no.

Golfsimulator Vesterland (vinterstengd)

Opna tidleg 2020, Arne Glenn Flåten, sjå Vesterland Feriepark på vesterland.no – stengt vinter 23/24 og 24/25.

Golfsimulator Sogndal

Open for spel sidan desember 2024 (kontakt Mats - sjå klubben si Facebook side for aktivitet)

E16 Cup Lærdal Gk og Valdres Gk

Sist spelt 12. september 2021, vunne av Lærdal Gk – Pokal hos LeGk - lite interesse no

Riksveg 52 Cup – Pokal hos LeGk

Er interesse men har ikkje vært mogleg å synkronisere nok til å få til lag

Rikheim Cup er for tida pausa til nye bana er på plass - [Historikk](#).

7. Årdalrangen - (sjå Utlarangen på Facebook)

Rangen hadde ein varierende sesong. Grunna relativt mange spelarar, men lite ballar tilgjengelig i starten av sesongen har medført at ballmaskina har gått tom og stått tom som førte til mindre besøkande i siste halvdel av sesongen.

Det er kjøpt inn fleire ballar til neste sesong, 2400, men det krever meir dugnad skal me greie å drifte rangen bra. Dei som deltok i dugnad i fjor gjorde ein god jobb, men me treng fleire og nokon må få/ta det overordna ansvar for rangen.

Det var ein uheldig hendelse på høsten i fjor, der ein hjort satte seg fast i gammelt ballnett og døde, vi må rydde å fjerne resternede nett.

Årdalrangen - Aktivitetar som må gjerast før neste sesong;

- Det er kommen klage på dårleg lukt fra graset som står på pallar der framme. Dette må fjernast.
- Traktor treng ein skikkelig service og reperasjon av solenoid.
- Gammelt nett som henger der framme må ryddast opp og fjernast.
- Innsamling av ballar som ligger ute i skog område rundt rangen.
- For nokon år sia fikk vi penger fra Sogn Sparebank til å etablere treningsområde for putting og chipping. Dette må på plass skal vi ha tiltru til å få sponsormiddlar til framtidige prosjekt.
- Undersøke muligheitane til å få støtte til innkjøp av utstyr til rangen gjennom sponorar og bedriftidrettslaget

Årdalrange mottok kr. 90,000 i gave fra Sogn Sparebank i 2023

Takk frå klubben, støtta går til forbetring anlegget i Utladalen.

Maskinpark

- 1 stk John Deere klippar – Operativ
- 1 stk STIGA kantklippar – Operativ
- 1 stk Ball oppsamlar – Operativ
- 2 stk Ball automatar, elektronisk og mynt

8. Nye Bana (sjå legk.no om status no)

Forslag Reguleringsplan er klart og vart godkjent av kommunens sitt Utval for Miljø Fag-gruppa i Fylket held på si motsegn, og etter insekt-saka og flaumskogmark-saka ikkje held.

Reguleringsplan er hos Kommunal og DistriktsDepartementet.

9. Medlemsarbeid

Marknadsføring og Google AdWord

Per Åke Evjestad har vidareført marknadsføring på Google AdWord som står for stor del av nye medlemmar.

Me har ikkje marknadsført fjernmedlemskap på andre måtar.

10. Økonomi

Me visar til Sak 5, Rekneskap, i Sakslista og Revisorane sin rapport.

11. Sponsorar – ingen aktive Sponsorar

[Sponsorane er viste på heimesida og kvar har link til eiga side.](#)

Lærdal 11. februar 2025

Styret Lærdal Golfklubb

Petter, Øystein, Gerd, Mats, Per Åke, Nikolai, Øystein og Oddrun